



Rektor Stig Berge-Soldal ser fram til oppstarten.

**Når elevane møter på Uskedal skule måndag 21.august, vert dei møtt av ny rektor, Stig Berge-Soldal, som nok er kjent for svært mange i elevflokket. Han har allereie vore på jobb eit par veker, men no gler han seg til elevane kjem, og til staben av tilsette er på plass. Han håpar også at elevane ser fram til å koma i gang med eit nytt skuleår.**

Den nye rektoren skulle vera velkjend her i bygda. Sjølv om han er oppvaksen i Herøysundet, kom han tidleg med i lagslivet i Uskedalen. Alt hausten då han var 13 år, kom han inn i Uskedal musikklag som særdeles lovande ess-tubaist og spela m.a. NM i Grieghallen med korpset etterjulsvinteren 86. Om lag på same tid kom han med i idrettslaget der han var keeper på gutelaget og aktiv i skigruppa som hadde mange flinke ungdommar på den tida. Fotballen heldt han fram med opp til A-lagsnivå, heile tida som keeper, medan han framleis er aktiv i skigruppa. No er han trenar.

Det var ikkje meir enn rett og rimeleg at han fann seg ei kjekk uskedalsjente, Gina, til kone. No bur dei saman med tre søner i barndomsheimen til Gina på Flatholmen.

Den nye rektoren har både solid utdanning og brei og god yrkeserfaring. Etter vidaregåande skule studerte han 1 år med økonomi og data før det vart 4 år på lærarskule. Etter det har han også teke ein master i tryggleik, og dermed er den nye rektoren utdanning til lektor og vel så det. Han har om lag 10 års arbeidsbakgrunn frå skuleverket frå Sola skule, Mauranger skule, Undarheim skule og Husnes ungdomsskule. På sistnemnde skule var han også inspektør ein periode. I tillegg til dette har han arbeidd ved Sandnes brannvesen, Apply Leirvik og Harding.

- No ser eg veldig fram til oppstart på mandag, eg gler meg til å ønskja alle velkommen og koma i gang, seier

Berge-Soldal. Han fortel vidare at dette vert ein ny kvardag for han.

Det er ein audmjuk rektor som går til den nye jobben, og han seier at han er glad for at han har eit godt kollegium med mykje erfaring til hjelp.

- Etter det eg har sett er det ein veldig, veldig veldriven skule, og det ønskjer eg skal vidareførast. Han fortel vidare at han hadde overlapping med den forrige rektoren, Lilli Britt Urheim, i juni, og han set veldig pris på at Lilli Britt skal vera mentor for han den første tida.

Det vert 12 elevar i 1.klasse dette skuleåret. Sidan det var ein stor klasse som gjekk over i ungdomsskulen, går elevtalet litt ned komande skuleår. Pr. i dag er det 103 elevar ved skulen. Det vert også litt nytt i kollegiet. Det vert ein ny lærar, Guro Karlsen, og i tillegg kjem Hege Tungesvik Hauge over frå barnehagen. Hege kjenner vi godt frå før, og Guro vert vi nok kjend med etter kvart.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland